



I 2002 tok Jærmuseet fleire store og viktige steg i mot nye mål:

- 11. juni 2002 kunne kulturminister Valgerd Svarstad Haugland åpna det nye utstillingsbygget. Bygget er på 1900 m<sup>2</sup> fordelt på to plan, og har ei kostnadsramme på ca. 16,2 mill. kroner.
- Samtidig åpna me første del av vitensenteret på Jæren med utstillingane "Teknologi og landskap" og "Byggeskikk". Dei øvreste delutstillingane vil bli realiserte i løpet av 2003 og 2004.
- Frå 1. mai 2002 blei første del av Museumsreforma på Jæren gjennomført. Dei tre tidlegare musea i Sandnes – Sandnesmuseet, Øglændmuseet og Krossen Havremølle Museum – blei slått saman med Jærmuseet og utgjør nå ei eiga avdeling av Jærmuseet med namnet Sandnes museum.
- Frå same dato overtok Jærmuseet drifta av Hå bygdemuseum, og Hå bygdemuseum gjekk inn som ein del av avdelinga Jærmuseet Hå.
- Det var og gledeleg at Kulturdepartementet følgde

opp med kr. 500.000,- i nye "konsolideringspengar" i 2002.

- Jærmuseet har og halde fram med konsolideringsprosessen i Jærregionen, og i løpet av 2002 har alle kommunane signalisert at dei ønskjer konsolideringsavtalar med regionmuseet. Styret i museet godkjende intensjonsavtalar med Randaberg og Gjesdal kommunar hausten 2002.
- Samanslåinga av musea i Sandnes har gitt gode og synlege resultat allereie. I november kunne ordførar Jostein Rovik åpna utstillinga "Leonardo da Vinci – et geni av sintid" på Krossens Havremølle. Innkjøp av utstillinga + lokal påbyggingsdel er finansiert med sponsormidlar frå bankrådet i SR-bank Sandnes – i alt 390.000,- inkludert verdi av marknadsføringsmateriell.
- Det er og etablert eit godt samarbeid med ei rekke samarbeidspartar for å utvikla vitensenter i Sandnes museum. Saman med desse samarbeidpartane blei det i november arrangert ein vellukka regional konferanse om vitensenter med over 80 deltakarar. Vitensenter-utstillingane i Sandnes skal ha utgangspunkt i regionen si teknologi- og industrihistorie og dagens næringsliv.

*Skolebesøk i Krossen Havremølle, der kan ein sjå modellar av Leonardo da Vinci sine oppfinningar eller prøva korleis dei verkar.*  
Foto: Jærmuseet

- Også dette året har Jærmuseet drive aktiv samtidsdokumentasjon. Prosjektet om "Flyplassen som møtestad" blei fullført hausten 2002. Dette er ein del av det landsomfattande prosjektet "Dokument 2000" og er finansiert av Norsk Kulturråd.
  - Både avdelinga Jærmuseet Hå og avdelinga Sandnes museum har etablert eit godt samarbeid med frivillige og ivrige medhjelparar, og som alle yter ein svært viktig og verdfull innsats for museumsarbeidet i regionen.
  - Dette året hadde museet stor glede av samarbeidet mellom historie- og ættesogelaga i Hå, Time, Klepp og Sandnes om registrering og utstilling av møblar produserte på Jæren – "Jærmøblar i hundre år" som stod i det nye utstillingsbygget på Jærmuseet Hå våren 2002.
  - Dei nye vitensenter-utstillingane på Kvia har blitt godt mottatt av skulane, og har resultert i at talet på elevar torganisert undervisning auka frå 5194 i 2001 til 7631 i 2002.
- Samla publikumsbesøk var 24.072.
- Fylket prioriterte dette året Jærmuseet si flytting til fjernmagasinet på Åmøy. I juli fekk me innreidd dei to hallane med reolar og utover hausten blei det køyrt mange lass både frå Sandnes og Hå.

#### Jæren muscumsråd

Frå 01.01. 2003 får Jærmuseet nye vedtekter, noko som m.a. inneber at Jæren museumsråd blir lagt ned. Jæren museumråd hadde sitt siste årsmøte i Veveriet på

Ålgård 11. april. Gjesdal kommune var vertskap for møtet, og ordførar Edvard Aksnes helsa rådsmedlemmene velkomne til Gjesdal. Rådsordførar Liv Todnem takka rådsmedlemmene for samarbeidet. Martha Ulvund blei attvald som styreleiar og Roald G. Bergsaker som nestleiar

#### Styret

Martha Ulvund, private medlemmer, styreleiar  
Roald G. Bergsaker, Rogaland fylkeskommune, nestleiar

Tor Audun Bilstad, Klepp  
Kåre Hauge, Sandnes  
Arnfinn Vigrestad, Time  
Gunnar Siqveland, Hå  
Solveig Horne Kolnes, Sola  
Tom Tvedt, Randaberg  
Liv Todnem, Gjesdal  
Ivar Rusdal, private medlemmer  
Inger Smidt Olsen, representant for dei tilsette

#### Varamedlemmer:

Torleiv Bilstad, private medlemmer  
Eldar Odland, Rogaland fylkeskommune  
Sivert Skår, Klepp  
Astrid Ulvatne, Sandnes  
Gille Byberg, Sola  
Sven Åsland, private medlemmer  
Kjellaug Ånestad Varhaug, Hå  
Terje Larsen, Gjesdal  
Leif Egil Torkelsen, Randaberg  
Marit Fgaas, Time

Björg Sandve, representant for dei tilsette  
Styret har i meldingsåret hatt 7 styremøte og behandla 51 saker. Dei viktigaste sakene har vore knytte til museumsreforma, byggeprosjektet, finansiering, andre økonomi-, løn- og budsjettsaker og vedtekter.

#### Personalet

I 2002 har Jærmuseet hatt følgjande stillingar:

#### Faste stillingar:

Målfrid Snørteland, styrar/konservator, 1/1 stilling  
Målfrid Grimstvedt, konservator/nestleiar, 1/1 stilling.  
Avdelingsleiar Jærmuseet Hå frå 1.05. 2002  
Knut G. Austad, museumslektor, 1/1 stilling  
Inger Smidt Olsen, konservator Flyhistorisk Museum Sola. 1/1 stilling  
Endre Ueland, mekanikar 1/1 stilling  
Solveig Hopo, kontorleiar 1/1 stilling, frå februar 2002  
Lars Ødemotland, gardsstyrar/vaktmeister, 1/1 stilling Jærmuseet Hå  
Björg Sandve, formidlar/assistent 1/1 stilling Jærmuseet Hå  
Gro Persson, avdelingsleiar Sandnes museum 1/1 stilling  
Anne Torunn Braut, museumspedagog Sandnes museum frå 1.05. 2002, 70 %  
Aud Kari Kvalbein, museumsassistent Jærmuseet Hå frå 1.05. 2002, 38 %  
Ingeborg Nærland Skjærpe, museumsassistent Jærmuseet Hå frå 1.05. 2002, 38 %  
Tobias Skretting, tilsett av Jærmuseet Hå frå 1.05.

2002, 60 %, sakshandsamar Hå kulturkontor  
Adije Gashi, reinhald Jærmuseet Hå, ca. 30 %  
Else Milde Berge, 70 % kontor, til 28.02. 2002

#### Andre engasjement:

Oddvar S.T. Lode, 100%, gardsarbeid/div. vedlikehald  
Anne Jorunn Frøyen, prosjektmedarbeidar vitensenterutstillingane, 80 %  
Odd Kjetil Liland, vikar formidling + førefallande arbeid på Sandnes og Kvia, 100%  
Ragna Syversen, museumsassistent avdelinga Sandnes museum, 50 %  
Erland Bræin, prosjektmedarbeidar avdelinga Sandnes museum, 1/1 stilling frå oktober 2002  
Andreas Bjørløw, sivilarbeidar, 100 %, frå september 2002  
Vibeke Sørskog, onsdagar, servering pensjonistane

#### Avdeling Jærmuseet Hå

Vakt/Omvisning: Hege Tjøtta, Møyfrid Østby Larsen, Siri Tørresen, Gerd Våland, Olaug K Njærheim, Jon O. Obrestad, Miriam Ueland, Siv B. Tengs, Kim F Undheim, Hege Riis, Ramveig Nærland, Tone W Kverneland, Geir A Bore, Helene Ø Larsen

Avløsarar: Geir Atle Bore, Møyfrid Østby Larsen, Jon O Obrestad, Miriam Ueland, Siv B. Tengs

Ekstrahjelp: Jon Obrestad (Hanabergmarka, køyring, garden, div.), Olaug K. Njærheim (julehjelp), Leiv Larsen (verkstad, vitensenter), Sigbjørn Stangeland, formidling ilyting, Lars Ole Grimstvedt, diverse, Njål Undheim, Ola Ødemotland, Gjerrud E Håland,

Rannveig Nærland, Møydfrið Ø Larsen, Helene Ø Larsen, Hans S Ueland, Magne Tørresen, Mikal Wahlberg, Ivar L R Nakken, Miriam Ueland,

*Ferievikarar:* Helene Østby Larsen, Møyfrið Østby Larsen, Siri Tørresen, Jorunn Nærland Skjærpe

*Frivillige vakter i heimehuset:*

Joakim Anda, Dagmund og Aud Marie Bernssen, Arnulv Brekke, Åsa og Tor Høiland, Gunnlaug Høyland, Martin Torvund, Inger og Alv Zachariassen, Margit og Kåre Kvia, Martha Møllerup Bernssen, Sverre Skjæveland

**Hå historie- og ættesogelag** har ansvaret for vakt-haldet på Grødaland og Varden kvar sundag i åpnings-sesongen.

#### Avdeling Sandnes museum

*Vakt / Sommervikar:* Pål A Trodahl, Kjersti Hauge, Magnus Skarung, Fanny J L Jensen, Marit Bråten, Katrine Auglend, Maria Mellomstrand, Sille S Sægrov, Anette Theis, Siri Tørresen, Sigbjørn Stangeland

Til saman hadde Jærmuseet ca. 17,5 årsverk i 2002, mot 11 årsverk i 2001. Totalt 57 personar mottok lønn frå museet dette året. Av desse var 10,3 årsverk faste stillingar inkl. 1,48 årsverk på Sandnes Museum. Prosjektfinansierte årsverk utgjorde omlag 1,8 og andre engasjement vel 2 årsverk, i hovudsak eksternt finansierte. Ekstrahjelp, avløysarar og vakter utgjorde til saman 3,29 årsverk, av dette 1,1 i Sandnes. Det er utført omlag 0,4 friviljuge årsverk.

## Administrasjon og økonomi

### Museumsreforma

Frå 1.mai 2002 blei Sandnesmuseet, Jonas Øglænds Bedriftsmuseum og Krossens Havremølle museum slått saman med Jærmuseet. Frå same dato overtok også Jærmuseet driftsansvaret for Hå bygdemuseum. Jærmuseet blei då organisert i to avdelingar: Anlegget på Kvia og anlegga til Hå bygdemuseum utgjer avdelinga Jærmuseet Hå, dei tidlegare musea i Sandnes utgjer avdelinga Sandnes museum.

Når det gjeld vilkåra for drift eller eventuell overtaking av dei kommunale museumsbygga i Sandnes, har ein ennå ikkje komme fram til ein endeleg avtale med Sandnes kommune. Ein tar sikte på å slutføra forhandlingane våren 2003.

Gro Persson er avdelingsleiar for Sandnes museum, og held fram som utstillingsarkitekt for utstillingane på Kvia. Målfrid Grimstvedt er avdelingsleiar for Jærmuseet Hå. Ho er også nestleiar for museet og har dessutan eit overordna ansvar for samlingar og dokumentasjon i organisasjonen. Når ho også er prosjektleiar for dei nye utstillingane på Kvia blir oppgåvene vel mange, og inntil vidare vil direktør Målfrid Snørteland har ansvaret for den utoverretta verksemda ved Jærmuseet Hå.


Eit viktig mål for museumsreforma er at ein skal utvikla sterkare faglege einingar med breiare og meir allsidig fagkompetanse. Den enkelte medarbeidar sin kompetanse må derfor nyttast på tvers av lokale avdelingar. Somme medarbeidarar vil likevel arbeida mest på ei avdeling. Ein del av personalet er derfor knytta til avdelingane, medan andre utgjer team/funksjonar



*I mai 2002 tok Jærmuseet over driftsansvaret for Hå bygdemuseum, samtidig blei musea i Sandnes slått saman med Jærmuseet.*

*På bilda over er anlegga til Hå bygdemuseum: Varden sjøredningsmuseum og Grødalandstunet.*

*Bilda nedanfor er frå anlegga som utgjer vår avdeling Sandnes museum; Krossen havremølle, tegl og potteriutstillinga i Sandnesmuseet og Øglænds bedriftsmuseum.*



som rapporterer direkte til direktør. Men ennå har museet langt flere funksjonar enn personar, og organisasjonen må nok "gå seg til" etter kvart.

I løpet av året har representantar for Jærmuseet deltatt på fleire møte og synfaringar i samband med konsolideringsdrøftingar i dei andre kommunane. Ein har hatt møte både med politikarar, administrasjon og frivillige.

Alle kommunane med kommunale museer har gitt positive signal om at dei ønskjer konsolideringsavtale med Jærmuseet. Styret i Jærmuseet har så langt godkjent intensjonsavtale om konsolidering med Randaberg og Gjesdal kommunar. Det ligg og føre utkast til avtale med Klepp kommune, og det har vore fleire drøftingsmøte med ulike representantar frå Time.

Avtalane er i hovudsak bygde over same leist, men tar omsyn til at dei lokale forholda er noko ulike frå kommune til kommune.

Museet har og hatt møte med styreleiar i Flyhistorisk museum, og orientert om konsolideringsarbeidet i regionen. Med ein større og meir allsidig fagstab på Jærmuseet, kan me tilby FMS fleire typar tenester enn før innanfor ramma av bortimot eit årsverk.

### Økonomi

"Omsetninga" på Jærmuseet dette året var vel 12 mill. kroner, inkludert utstillingsprosjektet og bruk av andre øyremerka tilskot. Utbetalte, ikkje brukte investeringsmidlar, sponsormidlar og andre ubrukne midlar, er ikkje med i denne summen. Fullstendig oversyn over museet sine midlar går fram av rekneskapen.

Dei faste driftstilskotet innunder tilskotsordninga

var opphavleg 5.245.000,-. Som følge av "Museumsreforma" fekk Jærmuseet eit ekstra statstilskot på 500.000,-, og fylkeskommunen gav eit ekstraltilskot på 80.000,- kroner for å kompensera ein del av musea sine meirutgifter til KLP. I samband med overtakinga av musea i Sandnes og Hå blei dei resterande kommunale tilskota overført til Jærmuseet, i alt kr. 1.145.059,-, i tillegg utgjorde kontingentinnbetalinga frå kommunane "utanom tilskotsordninga" vel 66.000 kroner. Samla offentlege driftstilskot i 2002 var såleis kr. 7.036.913,-. Eigeninntekter frå div. salg, utleige, entré, medlemskap, jordbruksinntekt og diverse andre inntekter utgjorde omlag 932.000,-, medan vel 3,8 mill. var bruk av øyremerka midlar, prosjekttilskot og refusjonar.

I tillegg er kr. 218.000,- i renteinntekter av driftsmidlar tatt til inntekt i driftsbudsjettet.

Løns- og sosiale kostnader utgjorde i alt 6.132.114,- kroner av dei samla utgiftene på 12.002.370,- mill. kroner.

Av større tilskot har Jærmuseet mottatt 4,6 mill. frå KKD i investeringsstøtte til utstillingane på Kvia, kr. 1,7 mill. til sluttfinansiering av utstillingsbygget frå Hå kommune og kr. 10.000,- i private bidrag.

Avdelinga i Sandnes har mottatt 340.000,- kroner i sponsorstøtte frå bankrådet til SR-bank i Sandnes, kr. 70.000,- frå Varner Invest og i alt kr. 18.000,- i støtte frå samarbeidspartar til den regionale konferansen om vitensenter. NMU har utbetalt kr. 75.000,- i sikringsmidlar som vil bli nytta i 2003.

Delar av dei øvreste tilskota vil og bli overførde og nytta i kommande år.

### Oversyn over fordeling av inntekter:

	2002		2001	
	kr.	%	kr.	%
Statens(+ fylke 01)	2.819.660	22,8	3.470.350	50,5
Fylkeskommunen	1.714.940	13,8		
Eigarkommunane	2.502.313	20,2	1.406.730	15,5
Prosjektmidlar/				
Øyremerka tilskot 1)	3.811.531	30,8	707.200	11
Eigeninntekter 2)	932.560	7,5	1.025.430	15
Finansinntekter	593.625	4,8	559.490	8
Samla inntekt 3)	12.374.629		6.809.200	

1) Bruk av prosjektmidlar, ulike refusjonar og bruk av overførte øyremerka tilskot i driftsåret.  
2) Inkludert i eigeninntektane er oppdrag, sal av bøker, annonsinntekter, driftsinntekter på Kvia, medlemspenngar, billettinntekter og andre arrangementsinntekter, servering, kafe, utleige og div. savenirsol.  
3) Omfattar både driftsinntekter og finansinntekter.

### Diverse gratisytningar.

Hå kommune dekker ein del kostnader som ikkje kjem fram i museet sin rekneskap ved at kommunekassen fører rekneskapen og betalar ut lønna. Dette er til svært stor hjelp for oss. Museet må sjølv stå føre kontorføring av løn, andre utgifter og inntekter, prosjektrekneskap, kassaoppgjjer, fakturering etc.

### Faste nemnder, samarbeidsfora, frivillige

Hå Historie- og Ættesogelag stiller med frivillige sundagsvakter på Grødalaland og Varden i åpningssesongen og har ansvaret for åpne aktivitetsdagar. Det er oppretta ei arbeidsgruppe som skal planlegga og samordna arbeidet mellom Hå Historie- og Ættesogelag og Jærmuseet. Gruppa er kontaktledd mellom laget og Jærmuseet. Gruppa er sett saman slik:

3 representantar oppnemnde av Hå Historie- og Ættesogelag for 2 år om gongen.

For Jærmuseet møter avdelingsleiar for Jærmuseet Hå og ein av dei tilsette i Jærmuseet med særskilt ansvar for arbeidet i Hå bygdemuseum.

Dagleg leiar i Jærmuseet og leiar for HHÆ har møterrett. Jærmuseet er sekretariat for gruppa.

Det er organisert eit vennelag for Jærmuseet Hå (med Svein Inge Aarrestad som leiar) og eit vennelag for Sandnes museum (med Tore Thingbø som leiar). Vennelaget for Jærmuseet Hå har arrangert ein aktivitetsdag og stilt med diverse dugnadshjelp.

HTM-klubben har utført betydeleg dugnadsarbeid i samband med bygginga av modellen av Leonardobilen til Sandnes museum.

### Faglege samarbeidsfora

#### NAV - det nasjonale nettverket av vitensentra

I 2002 har Jærmuseet vore sekretariat for vitensenternet (NAV). Dette er ei oppgåve som går på omgang mellom institusjonane. NAV har arbeidd vidare med tanke på statleg driftsstøtte til vitensentraene, særleg mot undervisnings- og forskningsdepartementet. Jærmuseet v/Målfrid Snørteland (med innlegg) og Gro Persson deltok på ein nasjonal konferanse om vitensentra på Gjøvik 30. april, der også undervisningsminister Kristin Clemet var til stades. Ho var svært positiv til vitensentrideen, utan å lova konkrete midlar. I handlingsplanane for matematikk og realfag som regjeringa la fram sommaren og hausten 2002 blir regionale vitensentra nemnde som eitt av fleire tiltak

for å styrka interssa for realfaga.

2. og 3. desember arrangerte Jærmuseet eit fagseminar for nettverket og institusjonar som ønskjer tilknytning til NAV med sikte på å etablere nye vitensentra eller etablerte museer som vil utvikla interaktive formidlingsmetodar.

## Åpning av utstillings- og magasinbygget på Kvia

11. juni kunne kulturminister Valgerd Svarstad Haugland åpna det nye utstillings- og magasinbygget. Bygget er på 1900 m<sup>2</sup> fordelt på to plan, og har ei kostnadsramme på ca. 16,2 mill. kroner.

Totalt har heile prosjektet, 1. og 2. byggsteg, til saman kosta vel 35 mill. kroner for om lag 4000 m<sup>2</sup>.

At eit så pass stort og estetisk gjennomført prosjekt kunne realiserast for ein så rimeleg byggesum har m.a. vekt interesse i Kulturdepartementet. Og 15. februar fekk Jærmuseet besøk frå KKD og Statsbygg som ville bli nærare orientert om bygget og prosjektet.

Førebels er berre ei av dei faste delutstillingane ("Byggeskikk") på plass i utstillingshallen. Resten av utstillingane skal realiserast i løpet av 2003/2004. I februar 2002 bidrog Hå kommune med 1,7 mill. kroner til sluttfinansiering av bygget. Nokre mindre arbeider som klimaanlegg og innvendige dører i underetasjen vil bli installert på nyåret i 2003. Me håpar og å få til ei etterlengta utviding av kjøkenet.

Om lag 450 m<sup>2</sup> av underetasjen skal brukast som studiemagasin med tilgang for publikum.

## Utoverretta verksemd

### Vitensenterutstillingane på Kvia

Utstillingsarbeidet blir organisert og styrt av museet sitt faste personale. Følgjande personar har dette året arbeidd spesielt med vitensenterutstillingane: Prosjektleiar konservator/etnolog Målfrid Grimstvedt, museumslektor/historikar Knut Austad, styrar/konservator Målfrid Snørteland, prosjektmedarbeidar /historikar Anne Jorunn Frøyen, utstillingsarkitekt Gro Persson, mekanikar Endre Ueland og driftsleiar Lars Ødemotland. Sistnemnde har frå hausten 2002 fått mindre tid til utstillingsarbeid, på grunn av flyttinga av museumsgjenstandar til Åmøy.

Me har brukt mykje tid på å knytta kontaktar og presentere planane våre for ulike fagmiljø, sentrale bedrifter og enkeltpersonar. Våren 2002 var det eit særleg tett samarbeid med Arkeologisk museum i Stavanger. Teknisk konservator Morten Jerstad bygde tre myrnsnitt og to geologiske snitt til utstillinga. Kompetansen og erfaringa til konserveringsavdelinga på AmS, var heilt nødvendig for å gjennomføre denne delen av utstillinga. Arkeolog Anne –Brith Hatleskog, botanikarane Sverre Bakkevig og Lisbeth Prøsch-Danielsen var med i planlegginga og utarbeidinga av myrnsnitta. Bakkevig har i tillegg komme med forslag på to andre eksperiment.

For å laga den geologiske delen av utstillingane tok me kontakt med nokre av dei mange geologane som bruker Jæren som sitt forskningsfelt. I januar inviterte me Knut Stahlsberg ved NGU (Norges Geologiske Undersøkelser) i Trondheim og Carita Knudsen, nyutdanna geolog frå Geologisk Institutt ved Universitetet



11. juni 2003 var ein merkedag for Jærmuseet. Den nye hallen og den første delen av Vitensenterutstillingane blei åpna av kulturminister Valgerd Svarstad Haugland.

Eivor Time og Gaute Hadland underholt med song og felespel frå myra og jenter frå Hå kulturskule song saman med dirigenten Aasta Vagle Heien.

Til venstre ser me at Vitensenterutstillingane ikkje berre er for grunnskoleelevar, det er Else Eik som prøvar taljeheisane.

Frå omvisinga der det blei spontan applaus i det ein stein blei delt medan kulturministeren såg på. Forutan born frå Varhaug barneskule ser me frå venstre Odd-Kjetil Liland, Bjørg Tørresdal, Stein Sægrov, Valgerd Svarstad Haugland, Målfrid Snørteland, Martha J. Ulvund, Gunnar Siqveland og Knut G. Austad.

På det neste bildet prøver kulturministeren å finna ut kva blokker som høyrer til kva tre-stamme. Det er ikkje heilt enkelt.



i Bergen til ein idedugnad. Det førte til at me engasjerte Carita Knudsen til å arbeida vidare med fleire idear. Per i dag har dette resultert i seks ulike stasjonar eller eksperiment.

"Teknologi og landskap" innheld to interaktive dataprogram. Programma er utvikla av firmaet Film & Foto Design, der Helge Hundeide sette saman nokre arbeidsteam av ulike datafolk som fekk nye utfordringar. Programma har blitt utforma gjennom nært samarbeid mellom mange partar.

Utstillingsarbeidet har også medført større bygningsmessige arbeider i lokalet. 12. februar blei grave-maskinen Brøyt heva og sett på ein 2,8 m høg krakk. Firmaet Stålteknikk fekk oppgåva med å løfta maskinen og bygga platået omkring Brøyten. Museet engasjerte ein ekstern byggeleiar, Mikal Bjørlov frå EPCON, til å leia den delen av utstillingsarbeidet.

Under platået blei det bygd ein sansetunell. Firmaet Norsk Modell Design, Sandnes, stod for utvikling og bygging av dette eksperimentet, i nært samarbeid med prosjektgruppa. NMD utgreidd også mulighetene for å bygga eit vasseksperiment, etter modell frå Eksperimentarium. Dette er førebels stilt i bero.

Tida fram mot utstillingsåpninga 11. juni var hektisk. Trettifire ulike eksperiment blei ferdige. Firmaet Alfabet stod for utforming og produksjon av utstillings-tekstar og illustrasjonar. Alle tekstar blei overseu til engelsk av Dag Gjerde, Suldal.

Etter utstillingsåpninga har me arbeidd med følgjande oppgåver:

#### • *Bygga ferdig og justera utstillingane*

Temaet "Byggeskikk" hadde ved åpninga sju eksperiment, mens det var tjuesju eksperiment i "Teknologi og landskap". Tidetter åpninga var spennande. Korleis ville publikum ta imot dei nye utstillingane og korleis ville eksperimenta tåla publikums bruk? Det blei noko feilretting den første tida. Meir tid gjekk med til å gjera ferdig utstillingsromma og eksperimenta. Platået blei ikkje ferdig før i slutten av august, då var trappa på plass. Siste del av belysning og illustrasjonar kom først på plass på nyåret.

#### • *Marknadsføra og formidla vitensenteret gjennom museet si heimeside på internett*

I begynnelsen av september hadde me lagt ut oversyn over alle eksperimenta på heimesida. Ved utgangen av året hadde me i tillegg lagt ut alle tekstane.

#### • *Laga lærarrettleiing for vitensenteret på Jærmuseet Hå*

Vårt mål er at lærare skal kunna nytta utstillingane på eiga hand. Me legg til rette for det ved å halda kurs for lærarane og ved å gje dei ein ringperm med rettleiing, oversyn over utstillingane, bakgrunnstoff og elevoppgåver. Dette er ein ringperm som skulane abonnerer på. Det vil sei at dei som kjøper permen vil få tilsendt tillegg og rettingar etterkvart som vitensenteret blir utbygd.

Ved utgangen av året var me kome langt i arbeidet med førsteutgåva av lærarrettleiinga.

#### • *Bygga og innreia Faktarommet*

Faktarommet er eit undervisnings- og laboratorierom som kan nyttast både av skuleklassar og "laust" publikum. Her er m.a. fire publikums PC-ar kor me har lagt til rette dei to dataprogramma (Myr og Kjerneboringar) som er i utstillinga og museet si heimeside. I tillegg vil det bli lagt fram relevant litteratur. Rommet skal også kunna nyttast som arbeidsrom for enkle lærar-/rettleiarstyrte eksperiment.

Mekanikaren har laga fire arbeidshord, åtte benker og ei bokhylle til rommet.

#### • *Evaluering av utstillingane*

I desember stod Jærmuseet som vertskap for det første fagseminaret som Nettverk av norske vitensentra gjennomførte. I dette seminaret inngjekk ei økt med presentasjon og kritikk av vitensenteret på Kvia. Dette gav oss nyttige erfaringar i det vidare arbeidet.

Museet har også dette året henta idear gjennom å besøka vitensentra og muse. I haust gjennomførte prosjektgruppa ein studietur til London der me besøkte Science Museum og The Natural History Museum.

Når publikum skal røra og eksperimentera, så må ting vera solide. Ting vil likevel gå sundt. Slike erfaringar har dei fleste vitensentra gjort. Då er det viktig å ha eigne fagfolk som kan vedlikehalda og reparera. Ennå betre er det om eksperimenta er bygde på museet. Jærmuseet fekk ny mekanikar, Endre Ueland, hausten 2001. Han og medhjelparane hans har stått sentralt i oppbygginga av eksperimenta. Det at museet har eigne fagfolk på dette feltet har også gjort planlegging og utprøving meir effektiv og rimelegare på mange vis,

men med så få folk tar sjølvstekt produksjonen lengre tid. Men me har også hatt gode røynsler med å bruka lokale firma innan modellbygging.

#### • *Utvikla dei nye utstillingane: "Men mat må me ha"*

Sidan me har prioritert å gjera ferdig den første delen av utstillingane, saman med det å leggja til rette og utvikla undervisningstilbodet knytta til vitensenteret, har det i løpet av hausten skjedd mindre med dei neste utstillingane enn forventa. Oppgåva som gjenstår er å fylla den store museumshallen med tema knytta til husdyr, åkerbruk, reiskapsindustri og energi. Det er likevel planlagt ein del nye eksperiment som vil bli realiserte og prøvde ut vinteren/våren 2003. Dessutan har ein arbeidd med å laga ei god rammeforteljing – kva skal utstillingane formidla? Korleis skapa samband mellom ulike deltema? Fellesnemnaren kan vera matproduksjon i vid forstand. Kva romleg form skal me gi budskapet? Dette arbeidet er undervegs.

#### Studiemagasinet

Arbeidet med studiemagasinet på Kvia kom ikkje i gang i 2002.


#### Vitensenterarbeidet ved avdelinga i Sandnes

Museumskvartalet i Sandnes skal vera ferdig utbygd til Sandnes sitt 150 års jubileum i 2010.

Sandnes kommune har tidlegare investert 25 mill. i bygningar og tomt. I desember 2002 vedtok bystyret i Sandnes å løyva 1 mill. kroner i planleggingsmidlar/arkitektkonkurranse. Ei førebels planleggings-

gruppe bestod av Ivar Rusdal, Per Hanasand, Målfrid Snørteland og Gro Persson.

Museumssenteret skal m.a. innehalda eit regionalt museum og vitensenter med utgangspunkt i regionen si industri- og teknologi historie og eit bymuseum for Sandnes. Dette er eit arbeid som må realiserast stegvis fram til 2010, og allereie hausten 2002 åpna ein den første "vitensenter-utstillinga".



Dette blir det nye museumskvartalet i Sandnes og det neste byggetrinnet til Jærmuseet.

### "Leonardo da Vinci – et geni av sin tid".

Dette er ei utstilling av omlag 30 modellar som viser Leonardo da Vinci sine oppfinningar. Utstillinga er opphavleg laga som ei vandre utstilling i Italia, og stod på Gjøvik sist sommar. Jærmuseet fekk først tilbud om å

låna utstillinga, og fekk så høve til å kjøpa den. Før åpninga måtte fleire av modellane pussast opp. Mekanikar Endre Ueland gjekk gjennom modellane og laga fleire rekvisittar til utstillinga, sentral her er ein mobil scene som også kan nyttast til vandreutstillingar seinare. Utforminga er laga av Gro Persson. Ragna Syversen sydde nytt trekk til "helikopteret", hangglidaren og vingetestaren. Modellen av "springfjor-bilen" er ikkje med i kjøpet og skal tilbake til da Vinci museet i Italia. HTM-klubben har derfor tatt på seg å laga ein modell av denne.

Museumspedagog Anne Torunn Braut har i samarbeid med Ivar Reed Nakken (Science Circus) laga eit undervisningsopplegg til utstillinga. HIS ved Mary Billington har også gitt innspel til undervisningsopplegget. Første del, "Vitenskapsmannen og oppfinneren Leonardo da Vinci" er ferdig. Formidlinga kombinerer aktivitetar og drama, og opplegget vil bli supplert med nye tema utover i 2003.


### Samarbeid med næringslivet, HIS m.m.

I løpet av 2002 er det etablert gode relasjonar til ei rekke organisasjonar som vil vera viktige og nødvendige samarbeidspartar for å realisera prosjektet i Sandnes: NHO Rogaland, NIF (sivilingeniørforeninga og deira senior ekspertgruppe, SEGRO), NITO, NOH (næringslivets opplæringshus), Næringsforeninga for Stavangerregionen, HTM-klubben (hobbi-, tre- og metall).

Det er også etablert eit godt samarbeid med HIS, avdeling for lærarutdanning/realfagsseksjonen og det blir inngått skriftleg samarbeidsavtale over nyttår.

Avdelingsleiar for Sandnes museum har hatt ei rekke

## da Vinci først ut i nytt vitensenter



Utstillinga om Leonardo da Vinci sine oppfinningar har fått mykje bles. Her frå Stavanger Aftenblad i november 2002.

møter med desse organisasjonane. Ho har også hatt møte med mulege sponsorar, og i løpet av hausten 2002 resulterte dette m.a. i at bankrådet i SR-bank Sandnes sponsa Leonardo-utstillinga med 340.000,- kroner! Summen dekker kjøp av utstillinga, arbeid med lokal påbygging av utstillinga + marknadsføringingsmaterieil til ein verdi

av 50.000,- kroner. Også Varner Invest bidrog med 70.000,- kroner til Sandnes museum i 2002.

26. november blei det arrangert ein vellukka regional konferanse om vitensenter i Rogaland med over 80 deltakarar. Gro Persson var prosjektleiar for konferansen.

Det er vidare sett i gang planlegging av ei pilotutstilling på Loftet i Solaveien 10. Sentralt i dette prosjektet er eit matmatikk-rom som skal utviklast i samarbeid med HIS, SEGRO, NHO og Gand vid. skole. I SEGRO si arbeidsgruppe deltar Lars Sund, Johan Nygård, Leif Augestad, Gunnar E. Larsen, Bjørn Bache, Eitel Braeuning. HIS er representert ved Mary Billington og Inge Christ, NHO ved Catrine Utne Pottersen og Gand vid. skole v/Stig Holanger.

#### Andre utstillingar

Jærmuseet på Kvia åpna sesongen søndag 3. mars og hadde åpe for vanleg publikum til og med søndag 24. november kl. 12.00 - 17.00, kvardagar 10.00 - 15.00. Utstillingane i Sandnes (Krossens havremølle, Solaveien 10 og Øglændmuseet) hadde åpe søndagar heile året kl. 12.00 - 15.00.

#### Jærmuseet Hå:

- 10.03 - 07.04: "Speedway på Jæren", i samarbeid med Elgane motorsykelklubb.
- 14.04 - 02.06: "Jærmøblar i hundre år". Samarbeid med historie- og ættesogelaga i Hå, Time, Klepp og Sandnes.
- 11.06: åpning av første del av vitensenteret på Jæren med utstillingane "Teknologi og landskap" og "Byggeskikk".
- 30.08 - 01.09: "Glimt frå før i tiå", utstilling på Jærmessa, Varhaug

#### Sandnes museum

- 26.11: åpning av utstillinga "Leonardo da Vinci - et geni av sin tid"



Frå Speedway utstillinga som blei til i samarbeid med Elgane motorsykelklubb. Dei to mest interesserte er frå venstre Tor Karl Horpestad (Tyggi) og Bjørn Bru. Sistnemnde er den stotte eigar av sykkelen. Tyggi har laga han. Det han ikkje veit om sykklar er ikkje verdt å vita.

#### Aktivitetsdagar og arrangement

##### Jærmuseet Hå:

- 10.03: "Speedway på Jæren", med oppstart og informasjon av gamle speedway-syklar og besøk av Torgjer Kleppe, verdensmeister i formel E superkart, med konkurransebil.
- 24.03: Maling av påskeegg og koking av påskeegg i Hanabergmarka
- 26.05: Aktivitetsdag på Grødaland, gammalt handverk og handarbeid, v/Hå Historie- og Ættesogelag.
- 16.06: "Teknikkens dag", med innslag om "Doffen" og høysvansen 50-år, Steinrøysa maskinlag og

#### Motorgruppa på Tungenes

- 23.06: Jonsok-feiring v/Vibå 4H, ulike aktivitetar
- 30.06: Aktivitetsdag på Grødaland, baking av syrekaker og kinning av smør, v/Hå Historie- og Ættesogelag.
- 11.08: Åpen gard på Jærmuseet, samarbeid med "Åpen gard"-arrangementet hos Trond Nærland.
- 18.08: Aktivitetsdag på Grødaland, baking av flatbrød og kinning av smør, v/Hå Historie- og Ættesogelag
- 07.09: Åpen gard og museum på Kvia for tilsette i Hå kommune
- 08.09: Husflids- og kulturminnedag på Kvia: "Tre og tråd", samarbeid med Jæren Husflidslag
- 29.09: Aktivitetsdag på Grødaland, baking av potetkaker og kinning av smør, v/Hå Historie- og Ættesogelag
- 29.09: "Daldøsa-dag" på Kvia i samarbeid med Alf Næsheim
- 17.11: "Haust på den gamle garden", samarbeid med vennelaget for Jærmuseet Hå.
- 24.11: "Vil du bli betre kjend med stjernehimmelen - nå og då Jesus blei fødd", Kvia, samarbeid med Science Circus og Ivar Reed Nakken.

#### Sandnes museum

- 08.09: Kulturminnedagen 2002 blei arrangert i samarbeid med kulturvernleiar i Sandnes og Næringsforeningen i Sandnes. Det blei lagt opp til ei skulehistorisk utstilling i gamle Sandnes folkeskule, nåverande Sandnes kulturskule, og ei utstilling av klassebilder frå Sandnesskular i builkkvinducne i

Langgata. Utstillinga blei åpna ved kulturskulen laurdag 7.09. den skulehistoriske utstillinga var åpen for publikum laurdag og søndag og veke 37 for skulane. Det var 80 besøkande på utstillinga og fire skuleklassar.

Klassebildoutstillinga i Langgata blei laga av bilder samla inn frå publikum.

#### Sommartilbudet.

Anlegget på Kvia hadde sommaråpe frå 16. juni t.o.m. 17 august.

Grødaland var åpe i perioden 5. mai - 29. september, åpe dagleg 01.07. - 17.08.

Varden Sjøredningsmuseum hadde åpe søndagar 30. juni - 28. juli

I juli hadde me også dette året særskilt dagsprogram med aktivitetar på museumsgarden. Sommarbesøket på Kvia var litt større enn i 2001, vel 1600 besøkande i juli mot ca. 1500 i juli månad i fjor. Besøket på Grødaland var noko lågare denne sommaren. Det var og betydeleg færre ferieklubar enn året før.

Sandnes museum hadde åpe kvar dag i sommar-sesongen.

#### Utleige, servering, grupper


Dette året var inntektene frå kafedrill og særleg servering av grupper vesentleg høgare enn i 2001. Leigeinntektene var noko mindre, sjølv medrekna utleige på Sandnesavdelinga. Museet på Kvia var utleigd til 32 arrangement og hadde 32 gruppebesøk med servering.

På grunn av arbeidet i samband med samanslåinga





"Læra med å gjera" på Jærmuseet. Barn fra mellomtrinnet kilar stein for å reparera slettegarden utanfor museet, ungdomsskoleelevar luftar jærhus og barnehagebarn prøver sekkevekta.



var det noko mindre utleige på Sandnesavdelinga – 77 personar på utleige og 415 personar deltok på møte og andre gratisarrangement.

### Skular og barnehagar

Besøket av skuleklassar og barnehagar har auka noko dette året. Særleg gjeld det skulane i Hå, Bø og Motland skule har nytta museet både vår og haust med 3.- og 4. klassetrinn, til saman har dei vore her 100 gonger. Varhaug skule 4. klassetrinn har vore her 12 gonger, og 5. – 7. klassetrinn har vore her 12 gonger. Vigrestad skule 3.- og 4. klassetrinn har også vore her 12 gonger. Vigre skule nytta museet 8 gonger, det er første året at denne skulen nyttar tilbødet jamt. Alle desse klassane har vore med på undervisningsopplegget "Læra med å gjera".

### Fordelinga av ulike grupper og alderssteg på Kvia

	Grupper 2002	Elevar 2002	Grupper 2001
Barnehagar	51	1109	25
Barneskular	199		158
1. – 4. klasse		3295	
5. – 7. klasse		1003	
Ungdomsskular	13	480	20
SFO/ferieklubber	10	212	7
Vidaregåande skular	14	314	13
Høgskular	4	107	
<b>Sum</b>	<b>294</b>	<b>6820</b>	<b>223</b>

### Fordelinga av ulike grupper og alderssteg på Grødal og Varden\*

	Grupper 2002	Elevar 2002	Grupper 2001
Barnehagar	1	15	
Barneskular	3		
1. – 4. klasse		42	
5. – 7. klasse*		96	
Ungdomsskular	2	158	
SFO/ferieklubber			
Vidaregåande skular	3	160	
Høgskular			
<b>Sum</b>	<b>9</b>	<b>471</b>	

\* Av desse ei gruppe på Varden – 40 elevar frå Vigrestad skule.

### Fordelinga av ulike grupper og alderssteg på Sandnes frå 01.05.02

	Grupper 2002	Elevar 2002	Grupper 2001
Barnehagar			
Barneskular			
1. – 4. klasse	6	125	
5. – 7. klasse	3	70	
Ungdomsskular	6	133	
SFO/ferieklubber			
Vidaregåande skular	1	17	
Høgskular	1	10	
<b>Sum</b>	<b>17</b>	<b>350</b>	

303 grupper med til saman 7631 barn og unge besøkte museumsanlegga i organisert omvising 2002. Av desse var 6035 grunnskuleelevar. Det samla elevtalet har altså auka sterkt i 2002, først og fremst på grunn av dei nye utstillingane, og noko meir undervisningsressursar.

Sidan undervisningsleiaren er sterkt involvert i utstillingsarbeidet og utviklinga av undervisningsopplegget knytta til vitensenteret, er Odd Kjetil Liland engasjert som vikar når det gjeld undervisninga på garden og i kulturlandskapet.

Likovei må ein føya til at museet på Kvia også sist år i periodar måtte seia nei til fleire skulegrupper grunna manglande kapasitet.

### Andre besøk:

Jærmuseet Hå: har også i løpet av 2002 hatt besøk av enkeltpersonar og grupper som representerer politiske styresmaker eller offentlege instansar som ønskjer orientering om museet og museumsarbeidet på Jæren – som kulturminister Valgerd Svarstad Haugland, stortingsrepresentant Bjørg Tørresdal, Statsbygg og KKD, ein delegasjon frå Isle of Man, regional- og kulturstyret i fylkeskommunen, kulturstyra i Sandnes, Klepp og Sola, rådmann og etatsjefar i Karmøy kommune, lokale og regionale politikarar, styret for Husbanken på Vestlandet.

Me fekk også studiebesøk av kollega Gunilla Sand frå Stundars museum i Finland.

Ho hadde oppdaga Jærmuseet på internett. Stundars er eit friluftsmuseum (i det svensk-språklege området) og Gunilla var særleg interessert i å følgja med på undervisningsprogrammet "Læra ved å gjera".

I Sandnes har formannskapet i Sandnes og andre kommunale representantar hatt synfaring til Krossens Havremølle og Thrane garden, avdelingsleiar har hatt fleire omvisingar i Krossens Havremølle og Huset Vårt for aktuelle samarbeidspartar.

### Seminar, kurs, konferansar

Museet sitt formidlingspersonale har begrensa kapasitet. For at flest muleg elevar og skular skal få glede av dei nye vitensenterutstillingane, vil museet leggja til rette for at ein del skuleklassar kan komma på eiga hand. Dette vil først og fremst gjelda dei næraste skulane. Det er arrangert fleire lærarkurs for skulane i Hå, og ein del lærarar har vist positiv interesse for eit slikt opplegg. Truleg vil det ta litt tid å innarbeida utstillingane i skulane og lærarane sine opplegg. Seinare vil også lærarar i dei andre kommunane bli inviterte til slike kurs.

Museet har og arrangert kurs for lærarstudentar (HIS) i heimkunnskap. Tema for kurset var førjulstradisjonar og bestod av både førelesing og praktiske aktivitetar.

Seminaret 9. april var eit samarbeid mellom Jærmuseet, biologi lektor Tore R. Nielsen og adjunkt Harald Lygren.

### Seminar for lærerpersonal:

#### Seminar for lærerpersonal:

- 9. april. Naturfag seminar - fuglar.
- 5. juni. Varhang skule - byggeskikk, 3 timar.
- 17. juni. Høgskolen i Stavanger - vitensenteret.
- 14. august. Vigre skule - byggeskikk, 3 timar.
- 17. august. Barneskulelærarar i Hå - vitensenteret.
- 28. august. Ungdomsskulelærarar i Hå - vitensenteret.
- 16. oktober. Bø skule - vitensenteret, 3 timar.

### Seminar/kurs for lærarstudentar og andre fagseminar:

- 4. og 5. desember: HIS, heimkunnskap/ førjulstradisjonar
- 25.10: Kurs i plantefarging, internkurs Jærmuseet,
- 2. og 3. desember: NAV/nettverket av vitensentra: interaktive utstillingar, Jærmuseet Hå og Sandnes museum

### Andre seminar og konferansar:

- 23.05: seminar om Sandnes museum/vitensenter i eit byutviklingsperspektiv. I samarbeid med Sandnes kulturkontor. Innleiarar: Stig Sægrov, Lars Sund, Martha Ulvund, Gunnar Byrkjedal.
- 26.11: regional konferanse om vitensenter for teknologi og industri i Sandnes, i samarbeid med HIS, NHO, NOH, NIF (SEGRO), NITO. Næringsforeningen for Stavangerregionen, Sandnes kommune/byplan. Konferansen var vellukka og talde over 80 deltakarar. Innleiarar: ordførar Jostein Rovik, fylkesordførar Roald G. Bergsaker, oljedirektør Gunnar Berge, adm. dir. Harald Espedal, ordførar Leif Johan Sevland, dr. scient. Merethe Frøyland, markedsrådgjevar Hans Øyvind Sagen, styreleiar Astrid Sjurseike. Møteleiar: Ivar Rusdal.

### "Sjå Jæren".

Årboka 2002 hadde mest fokus på ferdighus og møbelproduksjon. Men det var og gitt rom for "konegjen-gane på Jæren" og presentasjon av vitensenteret og dei nye utstillingane våre på Kvia.



Frå Stavanger Aftenblad etter opninga i 2002.

### "Jærappen"

Vennelaget for Jærmuseet Hå sitt meldingsblad, "Jærappen", har komme med to nummer i 2002.

### Internett

Museet brukte hausten 2002 mykje tid på å leggja ut stoff om dei nye vitensenterutstillingane på heimesida vår. Statistikken for bruk av heimesida viser at besøket

på sidene auka frå snautt 900 besøk pr. månad fram til august til 1290 pr. månad i siste del av året.

### Media

Presse og TV har hatt velvillig omtale av Jærmuseet og ulike prosjekt og aktivitetsdagar. Kulturministeren si åpning av utstillingsbygget på Kvia fekk god media-dekning. Elles har særleg avdelinga Sandnes museum

har fått god bles om Leonardo-utstillinga og ulike konferansar.

"Verdt å vite" (P2) laga i april eit eige program med elevar frå Sira skule om vitensenterprosjektet på Kvia.

## Forsknings- og dokumentasjonsprosjekt Samtidsdokumentasjon

Inger Smidt Olsen har avslutta dokumentasjonsarbeidet i prosjektet "Flyplassen – Møteplass ved tusenårskiftet".

Jærmuseet deltar i det nasjonale nettverk innan samtidsdokumentasjon, koordinert av Sekretariatet for Samtidsdokumentasjon på Maihaugen.

Målfrid Grimstvedt, Anne Jorunn Frøyen og Inger Smidt Olsen deltok på nettverkseminar i mars. På seminaret i november deltok Anne Jorunn Frøyen og Målfrid Grimstvedt. Tema på seminara var drøfting av pågåande prosjekt, skrivekurs og innsamling av kulturhistoriske gjenstander frå samtida. Inger Smidt Olsen presenterte sitt prosjekt om flyplassen som møteplass.

Frå hausten 2002 er Målfrid Grimstvedt medlem av referansegruppa for Sekretariatet for Samtidsdokumentasjon, oppnemnd av Maihaugen, De Sandvigske Samlinger.

### "Flyplassen - møteplass ved tusenårskiftet"

Gjennom foto, video og intervju skal dette prosjektet gi eit bilde av "livet" på dei to flyplassane ved Hauge-sund og Stavanger. Innsamlingsarbeidet som blei slutført i 2002 strekte seg over lang tid med besøk på ulike årstider, vekedagar og tidspunkt for å kunne fanga opp

variasjonar. Både tilsette og publikum blei intervjuet. Prosjektet blir endeleg avslutta i 2003 med presentasjon i ei artikkelsamling i lag med dei andre Dokument 2000-prosjekta og artikkel i "Sjå Jæren" samt prosjektrapport. Det er også planlagt formidling gjennom video/ei lita utstilling.

## Andre prosjekt

### Handverksregisteret på Maihaugen

Målfrid Grimstvedt er medlem av den faglege ressursgruppa for ullstipendiatar Mona Rognan Aarø. I juni var det ei samling på Hitra der gruppa drøfta framgangen i arbeidet og besøkte Amy Lightfoot.

### "Full fres under blå jærbinamel. Historia om ei eventyrleg industriutvikling."

Det Norske Samlaget kontakta i si tid Jærmuseet med spørsmål om me ville samarbeida om å utgje ei bok om jærindustrien. Dei ønska historikar Lars Gaute Jøssang som forfattar. Dette året gjekk finansieringa av skrivearbeidet i boks. Jøssang fekk eitt års permisjon frå hausten 2002 til å skriva boka. Museet sitt bidrag vil vera å stå for biletreddaksjon, hjelpe forfattaren med litteratur og kjeldestoff med meir. Dersom det lukkast å skaffa lokal pengestøtte til trykkinga skal boka publisert hausten 2003.

### Robot-teknologi

Ei av dei viktigste utviklingslinene i jærindustrien etter 1960 er knytta til automasjon og robotstyring av industriell produksjon. Her har jærindustrien, særleg knytta

til Trallfa, gjort ein pionerinsats. Helge Huneide som driv "Film og Foto Design" tok kontakt med Jærmuseet og ba om samarbeid om å dokumentera denne historia. Huneide har sjølv arbeidd i Trallfa/ABB. Han ønskjer å laga eit fjernsynsprogram om temaet. Jærmuseet finansierer i første omgang arbeidet med å intervju sentrale aktørar på video. Dette materialet vil me m.a. nytta i vitensenterutstillingane. Dette året har han intervjuet Ole Molaug og Tønnes Grødalund.

### ET – på kjøkkenet i Rogaland

Hausten 2002 kom endeleg kokeboka om tradisjonsmat i Rogaland : "ET – på kjøkkenet i Rogaland." Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Jærmuseet, Karnesund folkemuseum, Dalane folkemuseum, Ryfylkemuseet/Ryfylke IKS, Rogaland bondekvinnelag, fylkesmannens landbruksavdeling og Gladmatfestivalen i Stavanger. Musea har samla oppskrifter og eit omfattande tradisjonsmateriale. Boka skal først og fremst vera ei brukbok, og ein del oppskrifter er moderniserte og tilpassa dagens forbrukarar. Målfrid Snørteland har hatt ansvaret for det kulturhistoriske materialet i boka.

## Bygningar og anlegg Jærmuseet- Kvia 4H-gard

Drifta på garden har i hovudsak følgd same driftsopplegg som tidlegare år.

## Husdyra

### Kyrne

Pr.31.12. 2002 hadde museet følgjande besetning:


20 Silkrei	27 Stet, slakta 020402
21 Plomma	28 Stetkalv f. 0302., etter Silkrei
25 Kvitei (2), kvige	29 Kosskalv f. 1605, etter Plomma
26 Stet, slakta 020402	

I samband med julecoppellet i desember fekk Jærmuseet låna ei ku av Olaug K. Njærheim.

### Andre husdyr:

Jærmuseet hadde ved årsskiftet to hestar: Sandtina og Veslemøy. Veslemøy fekk føl 29.05. Følet (hingst) blei slakta på hausten.

Museet har ei sugge som har hatt to kull ungar. Eit kull på ti ungar første halvår, og eit nytt kull på ti stk. som vil bli slakta på nyåret 2003.



Det blei ikkje berre laga utstillingar i 2002. Jærmuseet driv gard og vil visa driftsmetodar frå 1950-talet. Dermed må ein kunne pløya med hest. Det er ikkje lett, men me ser at det går vaski. Knut G. Austrad styrer tuamane, Jon A. Serjstad styrer plojen, Oddvar S.E. Lunde og Jon Obrestad held kvar sin hest.

Museet har ein liten flokk jærhøns, 10 – 15 høner + ein hane. Museet har dette året ruga ut kyllingar sjølve, og me registerer ein viss etterspurnad etter jærhøns.

Jon Obrestad har sine sauer på Kviagarden som før, i tillegg har museet hatt to kopplam som skal slaktast på nyåret.

### Åker og eng

På *Vodlen* blei det sådd havre med attlegg. Ein del av havren blei skoren med sjølvbindar. Kornbanda blei dels nytta i undervisninga i samband med tresking, ein del blei seidd som julenek.

*Tingsteinsvodlen*: eng til høy og silo, to ganger påkking i rundballar.

*Trikanten*: Havre med attlegg.

*Vestre Vodlen*: Også her blei det sådd havre + noko potet til undervisningsformål.

*Bekkjavadlen* – brukt til beite, helst til kyrne.

Hestane beita i *Hanabergmarka*.

### Museumsbygget

Golvet i den nye utstillingshallen og kafeen er malt. Alle dører og vindauge i nybygget er impregnerte utvendig i løpet av sommaren. Stubbegolvet i utstillinga er olja på slutten av året.

### Verkstaden

I verkstaden har ein montert opplegg av kompressor og røyrrar for trykkluft.

Me har også fått sandblåsingsutstyr.

### Heimehuset på Kvia

Det blei kjøpt inn og montert rullegardiner i våningshuset på Kvia. Eirik Aarebrot har også lagt teppeunderlag for fulleryene her.

### Audamotland

Dei tyngste og største restaureringsarbeida er nå på plass. Huset er tett, innvendige konstruksjonar er retta opp. Men ennå gjenstår ein del enklare arbeid, som å leggja golv i loftsetasjen, og alt "det ytre" - vindauge, takpanner, kledning. Vidare arbeid er utsett i påventa av eigen bygningshandverkar. Det er ikkje tatt stilling til om "folgestova" skal byggast opp igjen. Det er behov for toalettanlegg i samband med skulane sin bruk av naturfagsrommet i fjøset.

Etter ei synfaring med Jon Brønne frå NIKU (Norsk institutt for kulturminneforskning) hausten 2001, fann Brønne restar etter det som kan vera 16-1700-tals dekormaling og spor etter såkalla "veggtrekk" (malt lerret). Fylkeskultursjefen fann dette så interessant at han løyvde kr. 49.000,- til nærare dokumentasjon. Arbeidet blei utført av malerikonservator Brit Heggenhougen ved NIKU i veke 34.

Det mest interessante er kanskje funn av dekor på gjenbruksmateriale. Til veggane i loftsromma er det nytta gjenbruk av gamle materialar - ein del skipsplank, men og stokkar med spor av eldre dekor. Dekoren er fragmentarisk, og har ingen dekorativ funksjon i rommet. Heggenhougen meiner at forma på dekoren tyder på at den har tilhørt eit større veggmaleri med stiliserte blomsterrauker og tekstildraperier. Slik dekor blei vanleg i Norge på 1600-talet, helst i kyrkjebygg

og velståande borgarheimar. På Jæren har det ikkje vore tradisjon for innvendig dekor i profane bygg. Mykje tyder difor på at noko av materialane i Audamotlands- huset kan stamma frå dei gamle kyrkjene på Bø og Njærheim som blei rivne då den nye på Nærbo kyrkje blei bygd i 1836. Fleire ting talar for at huset blei ombygd i samband med eigarskiftet på slutten av 1830-talet.

I fjøset (naturfagsrommet) har Nærbo installasjon installert ferdig lys og omnar. Det som gjenstår er å få lagt inn vatn og få på plass skap og diverse undervisningsutstyr.

### Grødaland

Før sesongåpning blei det gjennomført storvask i heimchusa. Tekstilane blei vaska og strøkne, og beda i hagen reinska. Plenane blei stort sett klypte ein gong i veka i løpet av sesongen.

Det er gjennomført forholdsvis omfattande vedlikehald på bygningane dette året. Det er skifta kledning på delar av Gamlauset, Torehuset, Toreløa og Torefjøset. Dette arbeidet blei utført av byggmeistrane Danielsen og Rangen. Det er også litta vindu og skilla ein del takpanner på bygningane. Husa blei tjørebredde med god dugnadshjelp frå "Lorbrekkgjengen" - i alt 9 personar i to dagar. Ein del vedlikehaldsarbeid må og utførast på Grødaland i 2003.

### Varden

Det blei vaska og rydda i Varden Sjøredningsmuseum før sesongåpning.

### Andre bygningar i Hå

Det blei gjennomført synfaring til dei fleste bygningane til Hå bygdemuseum hausten 2002 for å vurdere tilstand og ev. tiltak. Bygningane er i god stand.


### Krossen Havremølle

Den gamle verkstaden til Krossen Havremølle blei våren 2002 innreia til eit enkelt møte- og utstillingslokale. Lokalet blei rydda og reingjort, og det blei m.a. montert lydisolasjon i taket. Arbeidet blei utført av Jærmuseet sine handverkarar.

Hausten 2002 blei det sett i gang arbeid for å setta møllemeisterboligen i stand til kontorlokale og møte-rom. Arbeidet blir slutført vinteren 2003. Det er lagt delvis nytt elektrisk anlegg. Kontor og fellesrom er malt. Det blir laga nytt kjøken i 2. etasje og bad i 1. etasje. Telefon og dataanlegg vil bli installert i 2003. Storparten av arbeidet er finansiert ved ei ekstraløyving frå Sandnes kommune på 325.000,- kroner. Denne summen er likevel ikkje tilstrekkeleg for å ta igjen etterslepet på vedlikehaldet på bygningane. Det er derfor både brukt midlar frå museet sitt driftsbudsjettet og ein betydeleg eigeninnsats av museet sine handverkarar. Trass i dette vil det ennå gjenstå ein del etterslep på vedlikehaldet som museet føreset blir dekkta av Sandnes kommune ved neste budsjettrevisjon.

### Andre antikvariske bygningar i Sandnes

Saman med det avtroppande styret i Sandnesmuseet deltok Gro Persson og Målfrid Snørteland på ei synfaring til alle dei mindre antikvariske bygningane til museet våren 2002. Sigbjørn Stangeland blei engasjert



Hå bydemuseum er meir ein Grødatandstunet og Varden sjøredningsmuseum. Desse bilde er frå kvernhuset og turka i Bodle. Nord-Varhaug. Berre det er vart i bekken kan ein få gang i anlegga. Å skaffe seg energi frå vutn vil også bli tema i dei nye vitenscenterutstillingane på Nærbo.



til å utføra enkelt ettersyn og vedlikehald på desse bygningane i løpet av hausten.

Sandnes kommune har sett i gang reparasjon av heimehuset på Thrane garden.

## Lager, tilvekst og samlingar

### Innsamling

Jærmuseet har også dette året måtta takka nei til mange tilbod, men me set stor pris på at folk kontaktar oss. Museet lyt i hovudsak avgrensa innsamlinga til materiale som er i samsvar med innsamlingsplanar og dokumentasjonsprosjekt.

Me har fått nokre store og viktige tilvekstar til samlingane. Frå ABB på Bryne fekk me døme på dei tre første generasjonane av hydrauliske robotar frå Tralffa i tillegg til ein av Ole Molaug sine robotar frå USA. På Sandnes er det komme inn fleire tilvekstar knytta til småindustri og handverk. I samband med dokumentasjon av bustadhuset knytta til Krossens havremølle har me fått nokre gjenstander frå familien Lura. I samband med Kulturminnedagen fekk Sandnes museum ein del klassebildei gåve. Resten av bilde som blei brukt i utstillinga blei det tatt kopiar av.

Frå Kverneland ASA fekk me ein omfattande og viktig tilvekst til fotoarkivet. Det er om lag 30 000 negativ frå 1970 – 1998. Blant desse er det også reprofoto av gamle bedriftsfoto.

Det er gledeleg at me har ein jamn tilvekst av privatarkiv. Hå svineavlslag har gitt oss sitt lagsarkiv og oppfordra andre lokallag til å gjera det same. Frå Styro i Oftedal fekk me eit omfattande arkiv frå Vang

Spinneri, og frå Stein Em. Simonsen fekk me arkivet etter Sandekrossen Mølle i Sola.

### Takk til følgjande gjevarar:

ABB Bryne w/ Gunnar Kluge, Time; Magnor Mossige, Hå; Mjølhus Maskin ved Kristian Idsø, Stavanger; Hå Svineavlslag ved Sigmund Rangen, Hå; Stein Emanuel Simonsen, Sandnes; Gabriel Hetlands arvingar ved Rolf Hetland, Sandnes; Lars Sondresens arvingar ved Sigurd Sondresen, Sandnes; Realf Austrått, Gjesdal; buet etter Emanuel Simonsen, Sandnes; Kari Rovik, Sandnes; Torbjørn Oftedal, Gjesdal; Sigmund Mossige, Time; Olav Skrudland, Time; Johannes Svertingstad, Time; Sverre S. Undheim, Time; Kåre Varhaug, Hå; Joleiv Ree, Time; Underhaug Mekaniske, Hå; Sara og Ingolv Vardens dødsbu, Hå; Magnhild Eldstad, Sola; Ellen Simonsen, Sandnes; Lars Ødemotland, Hå; Christian Svarstad, Sandnes; Styro ved Tor Sigve Dirdal, Gjesdal; Inger Jakobsen, Stavanger; Nærbo Handelslag, Hå; Edith Risa, Hå; Rennesøy Forsøksring ved Ø. Omdal, Rennesøy; Karl Johan Bø, Hå; Kverneland ASA ved Kjell Thime, Time; Gerd Salvesen, Sandnes; Osmund Nygaard Hove, Sandnes; Ingeborg Torland, Hå; Liv Helen Vigre, Hå; Dorteia Blindheim, Hå; Eldbjørg Jensen, Alvdal, dødsbu etter Sara og Ingolv Varden, Hå.

### Restaurering

Regionmusea sin tekniske konservator Eirik Aarebrot har i løpet av året løyst fleire oppgåver for Jærmuseet, både i samband med heimehuset på Kvia og ved å skaffe pakkemateriale til avdelinga på Sandnes.

I samband med møbelutstillinga på Kvia oppstod det brannskade på fleire av dei innlånte gjenstandane under mellombels lagring i eit privar lager. Eirik Aarebrot laga skadcrapport og uttale til forsikrings-selskap vedr. verdisetting og brannskadcomfang.

Teknisk konservator har vidare bistått med råd i samband med innreing av klimakontrollerte magasin. På grunn av utstillingsarbeidet har ikkje mekanikaren hatt tid til å prioritera restaureringsarbeidet dette året.

### Registrering, ordning og pakking

Frå 1. mai 2002 overtok Jærmuseet fire nye museums-samlingar, av varierende omfang og ordningsgrad. Museet har brukt mykje tid på å skaffa seg oversyn, og me har sett i gang ein del strakstiltak. Det er likevel ikkje råd å gi sikre tal for omfang og tilstand på alle samlingane ennå.

### Hå bygdemuseum

Samlinga er rimeleg godt registrert og ordna. Samlinga var på 7600 gjenstander då Jærmuseet overtok. Av desse var 2600 uregistrerte. Resten var EDB-registrerte i programmet Cardbox, eit arbeid som er lagt til rette av Jærmuseet. Arbeidet er utført over mange år. Alle registreringane finnest også som kortkatalog med foto. Det er kopi av databasen i Jærmuseet sitt dataanlegg. I løpet av 2002 har me begynt å registrera denne samlinga i WinRegimus.

### Krossens Havremølle

Registrering av maskinar og utstyr i mølla er utført i regi av Jærmuseet tidlegare.

Gjenstandar fått av Lura-familien, som skal brukast i seinare miljøutstilling i møllemeisterboligen, er flytta til magasinet i Solaveien.

EMS-samlinga (keramikk) er flytta til lager i Altona-bygget.

### Sandnesmuseet

Me har ikkje sikre tal for Sandnesmuseet sine samlingar: potteri- og tegl, handverk og industri. Ifølge museet sine oppgaver til Museumsstatistikken er det tale om 10. – 12.000 gjenstandar. Av desse var i underkant 200 gjenstandar registrert i WinRegimus. Elles er om lag 5000 gjenstandar nummerert og ført i tilvekst-protokoll.

Vinteren 2002 kjøpte Jærmuseet ein PC med nødvendig utstyr og la til rette for å registrera og fotograf-era keramikk-samlinga. 290 gjenstander er dette året katalogførte i WinRegimus.

Den eldste delen av samlinga var utstilt i heimehuset på Thrane-gården, Austrått. Huset er i dårleg stand og Sandnes kommune er i gang med rehabilitering. Museet flytta derfor samlinga frå Austrått til fjernmagasinet på Åmøy. Før flytting blei alle gjenstandar registrerte, fotograferte og mindre gjenstandar blei pakka i øskjer. Det blei køyrt sju lastebillass med i alt 1500 gjenstandar. Dette registeret er førebels ikkje lagt inn i WinRegimus.

Sandnesmuseet har fotosamlingar, dvs. gamle fotografi. Fotoarkivar Lisabet Risa laga i 1999 eit førebels oversyn over samlingane. På grunnlag av dette notatet kan ein anslå at det er 19 samlingar med til saman 7 200 foto. I tillegg kjem Torbjørg Sægrov sitt arbeid med



Bilde nr. frå åpninga av utstillinga i romane da Våre i et gem av sin tid. Ordforar Jostein W. Ravik åpna utstillinga ved å skrive spegelsnål, slik Leonardo sjølv gjorde.

Medi til venstre tok Gro Perriksen, bydelingsleiar ved Sandnes museum, innot spekket frå Spærball i SR-punkt på krone 390.000. Dermed kunne museet kjøpa utstillinga om Leonardo, det førebels spilla til Gro Perriksen og direktør Mårit Snøretland ved sidan av talar for seg.

I midten prøver Jostein W. Ravik (til høgre) og Ragnie Svendsen (høke) utveingestaren til Leonardo.

Til høgre presenterer Lars Sund for HEM-klubben, Lars Sund og Johan Nygaard fra Seagro eit eksperiment med steinkvelsbru til Gro Perriksen, Sandnes museum.

### Jærmuseet sine samlingar pr. 31.12.2002

Samlingar	Samlingar		av dette er EDB-registrert		
	Tilvekst -2002	Totalt	1 2002	Totalt	Restansar
Samlingar (aksjesjonar)	46	660	0	327	333
Gjenstander	258	6 430	16	4 048	2 382
Gjenstander frå lokalmusea*	Ca. 1 000	21 107	580	5 920	14 379
Eigne foto	5 435	33 210	0	10 196	23 014
Eigne foto frå lokalmusea*	0	10 900	0	0	10 900
Fotografi i samlingar	30 000	Ca. 66 500	71	3 201	Ca. 63 299
Fotografi i samlingar frå lokalmusea*		7 700	0	0	7 700
Privatarkiv saml.	7	51	0	37	14
Privatarkiv frå lokalmusea*	0	13	0	11	2
Produktkatalogar	Ca. 100	Ca. 7 100	0	2 114	Ca. 5 000
Lydband	0	277	0	273	4
Video -- eigen dokumentasjon	6	69	0	15	54
Film/video i samlingar		340	0	49	293
Teikningar	0	174		174	0
Eigne bibliotek	200	Ca.4 300	67	4 017	50
Periodika	7	891**	7	891	0

\*Gjeld Hå Bygdemuseum, Sandnesmuseet, Øglændsmuseet og Krossen Havremølle.

\*\* Samlinga av periodika utgjer omlag 70 hyllemeter, og boksamlinga utgjer omlag 50 hyllemeter.

å dokumentera gravstøtter i Sandnes. Det utgjer kring 10 000 eigne foto frå museet.

#### Øglændsmuseet

Per Øglænd og Jan Erik Holmen er iferd med å registrera samlingane i museet. Ved årsskiftet hadde dei merka om lag 500 gjenstander. Halvparten av dette er registrert i eit dataoversyn. Me har førebels ingen sikre tal på kor mange gjenstander som er i museet. Ifølgje museumstatistikken for 2001 var det 340 gjenstander i museet, men tilveksten i 2002 skal vera stor både frå Øglænd DBS og Cubus. Samlinga er anslagsvis sett til 1 300 gjenstander.

ert i eit dataoversyn. Me har førebels ingen sikre tal på kor mange gjenstander som er i museet. Ifølgje museumstatistikken for 2001 var det 340 gjenstander i museet, men tilveksten i 2002 skal vera stor både frå Øglænd DBS og Cubus. Samlinga er anslagsvis sett til 1 300 gjenstander.

#### Flytting

Eitt av dei største prosjekta til museet dette året har vore flytting av gjenstandar til det nye fellismagasinet på Åmøy.

Våre hallar stod klare i løpet av juli. Då var det lagt nytt golv som messanin i hall 34. I begge hallane var det kjøpt inn og montert palle- og småvareareolar. Innan den tid fekk me også ein avtale om kjøp av eigen flyttebil. All transport i haust har derfor skjedd med eigne og innleigde folk og eigne bilar. Det vil sei at me til denne tid ikkje har nytta flyttebyrå eller leigebilar.

Pga konsolidering med Sandnes viste det seg at me først måtte flytta alt museumsmateriale frå Thrane-garden på Austrått. Det blei i alt 1500 gjenstandar. Sandnes kommune må føreta ei omfattande rehabilitering av heimhuset på Austrått, og alle gjenstandar måtte flyttast til sikrere lager.

Frå oktober har me flytta landbruksamlingane. Framdrifta i dette arbeidet har ikkje vore så stor som planlagt. Status ved utgangen av året er at me har kjørt 16 lass til Åmøy av dei 55 som stod i planen.

Når det gjeld landbrukssamlinga gjenstår den største delen, og flytteprosjektet vil bli intensivert i 2003.

#### Eksterne engasjement, seminar, møte, andre tilskipingar m.m.

##### Deltaking i organisasjonar, nemnder og andre samarbeidsfora

Museet sine tilsette deltar i møte og arrangement som deltakarar i følgjande eksterne fora, styre etc:

Målfrid Snørteland var fram til mars 2002 leiar i Hå

Reiselivsforum og styremedlem i Reismål Jæren. Ho er medlem i byggeskikk-nemnda i Gjesdal og har vore med i redaksjonen for boka "ET -- på kjøkenet i Rogaland", der ho også har skrivt det kulturhistoriske stoffet.

Jærmuseet v/M.S. har i 2002 hatt sekretariatet for Netrvekk av norske vitensentra (NAV).

Målfrid Grimstvedt er medlem av Bimad og Folke-draktrådet, Referansegruppa for Museenes Datatjeneste og referansegruppa for Sekretariatet for Samtidsdokumentasjon, oppnemnd av Maihaugen, De Sandvigske Samlingar.

Gro Persson er styremedlem i Sandnes reiselivsforum, og medlem i arbeidsgruppa MNT Forum (matematikk, naturfag, teknologi) og deltar i kultursjefen si nettverksgruppe.

Björg Sandve: Styremedlem i Potetfestivalen

Inger Smith Olsen: varamedlem i styret i MiR (Museumssamarbeid i Rogaland)

##### Eksterne arrangement, møte og seminar:

Jærmuseet har i 2002 vore representert på følgjande arrangement:

03.01: Museumsleiarnøte i Stavanger, MS 04.02: møte i NHO, Rogaland, GP 08.02: ABM-konferanse, Oslo, MS 15.02 Møte i Referansegruppa for Museenes Datatjeneste, Oslo; MG 25.02: Årsmøte i Senter for konserveringssamarbeid, AmS, Stavanger, MS 25.02: Møte med SEGRO (seniorekspertgruppen i Rogaland) om strategi for forpliktande samarbeid om vitensentret i Sandnes 19.03: Møte i Rogaland museumsråd, HIS, Stavanger, MS 20.03: Årsmøte i Hå Reiselivs-

forum, HGP, Hå, MS 20.03: Møte i Time Mållag om etablering av Garborgsenter, GP08.04: Konstituerende møte i Vennelaget for Sandnes museum, Sandnes, MS 09.04: Årsmøte i Vennelaget for Jærmuseet Hå, Nærhø, MS 15.04: Museumsleiamøte, Stavanger, MS 30.04: Nasjonal konferanse om vitensenter i Norge, Gjøvik, MS og GP 15.05: MIR, tur til Rosendal, Aud Kari, Ingeborg, Bjørg, Knut 27.05: Generalforsamling i Reisemål Jæren, Fotland, MS 19.-20.06: Møte i referansegruppa for utstipendiat Mona Aarø, Hitra; MG 19.-20.08: Arbeidsseminar om den kulturelle skulesekken, Oslo, MS 20.08 Møte i Referansegruppa for Museenes Datatjeneste, MG 11.-14.09: Landsmøte i Norges Museumsforbund, Bergen, MS og MG 18.09: Norrøna-konferansen i Sandnes, GP 19.09: Konferanse om det regionale nivå, Stavanger, MS 04.11: Møte i NMU om den kulturelle skulesekken, Oslo, MS og Erlend Bræin 08.-10.11: Årsmøte i Nordisk Science Center Forbund, Bergen, MS og MG 15.11: Rogaland fylkeskommune sitt kulturtorg i samband med den kulturelle skulesekken, Erlend 18.11 Arbeidmøte om samkatalog på Norsk landbruksmuseum, Ås, MG 20.11: MIR-møte, Misjonshøgskolen i Stavanger, Aud Kari, Ingeborg, Bjørg, Inger, Knut 22.11: Idedugnad i samband med ny strategisk kulturplan for Rogaland, Rogaland Kunnskapspark, MS 29.11: Orientering om den kulturelle skulesekken, kulturhuset Stavanger, Knut og Erlend 09.12: Orienteringsmøte om realfags-satsing, Norges Forskningsråd, Oslo, MS

#### **Orienteringar, innlegg, foredrag**

12.02: Orientering om Jærmuseet for formannskapet i

Sola kommune, MS 14.02 Forelesing på studiet "Drakt og Samfunn", Bunad og Folkedraktrådet, Fagernes; MG. 04.04: Orientering om museumsarbeidet på Jæren, årsmøtet i Ryfylkemuseet, Sand, MS 30.04: Orientering om NAV og vitensentra i Norge, nasjonal konferanse om vitensenter i Norge, Gjøvik, MS 07.05: Orientering om arbeidet med Sandnes museum og vitensenter, Sandnes Rotary, GP 25.05: Orientering om Jærmuseet for ei gruppe etnologar, Kvia, MS 19.09: Innlegg på NOKU-konferanse i Sandnes, "Sandnesmodellen – ein framtidretta metode for stads- og kulturutvikling" GP 07.10: Orientering om Jærmuseet i Gand Rotary, Sandnes, MS 12.11: Orientering om Jærmuseet i Hå Lions, Kvalbein, MS 02.12: Innlegg på fagseminar til NAV om planane for vitensenteret i Sandnes, GP 03.12: Innlegg på fagseminar om utstillingane på Kvia planane framover, MG 03.12: Kåseri om mattradisjonar i Klepp historielag, MS 04.12: innlegg på årsmøte for Vennelaget for Sandnes museum, GP 04. og 05. 12: Foredrag om førjulstradisjonar for heimkunnskapsstudentar frå HIS, Kvia, MS

#### **Kurs, opplæring, studieturar**

18. - 20.03: Seminar om samtidsdokumentasjon på Lillehammer, MG, AJF, ISO. 21.03: Urtehage, kurs Jåtten fritidsgard, Stavanger, Bjørg. 23.-24.09: Bedriftskurs/KLP forsikring, Stavanger, Solveig 14.-15.10: Leiarutviklingsprogram for museumssektoren, Stavanger, MS 18. - 19.10: studietur til NAVET, Borås og Universeum, Gøteborg, GP, Erlend, Anne Forunn 31.10-02.11: Studietur til London, utstillingsgruppa: MS, MG, GP, AJF, KGA, EU 6. - 7.11: Seminar om

samtidsdokumentasjon i Trondheim, MG og Anne Jorunn Frøyen 07.11: Kurs v/SHS om lønsoppgjret, MS og Inger Smidt Olsen 02.-03. 12: Arbeidsseminar om interaktiv formidling, NAV/Jærmuseet, utstillingsgruppa og formidlarar

#### **Flyhistorisk Museum Sola**

*Utstilling og formidling:* På grunn av åpning av nybygg og utstilling har Jærmuseet dessverre ikkje hatt kapasitet til å produsera fleire vitensenterekspertiment ved FMS dette året. Eksperimenta må vera robuste, og vindtunnelen blei justert for å stå i mot publikum sin tøffe bruk. Utstillinga blei vidare supplert med ei lita temautstilling som markerte 75-årsjubileet for Charles Lindbergh sin Atlanterhavsflyging i 2002.

Konservator har også hatt ein del gruppeomvisningar på museet i løpet av sesongen.

*Registrering/katalogiseringsarbeid:* Edh-registrering av foto, gjenstandar, bøker og arkivmateriale har halde fram denne sesongen. Det er nyregistrert 94 bøker og overført omlag 50 gamle registreringar til EDB. Museet si videosamling har også motteke tilvekster dette året, m.a. frå Braathens og Helikopterservice. Registrerte foto/video pr. 31.12.02: 793 stk. Til saman 32 aksjonar blei tilvektførte dette året.

Oversikt over registrerte bøker/tidsskrift og foto/video er tilgjengelig i biblioteket på FMS.

*Bevaring/sikring:* Samarbeid med Senter for konserveringstenester og Eirik Aarebrot har halde fram dette året. Han har konserverert i skinnjakke, hatt gjenstandar til elektrolyse/konservering og gitt råd i arbeidet med klimaregulering i utstillingsmontre i hangaren.

Han har utstyrt muscet med fleire termometer og hygrometer for å betra klimareguleringa. Rydding og pakking av uniformer i syrefri emballasje har halde fram i 2002.

Inger Smidt Olsen har også møtt regelmessig på styremøte og andre møte på FMS.



## Rekneskap 2002

	Rekneskap 2002	Noter	Rekneskap 2001
<b>INNTEKTER</b>			
PAN. TIL DRIFTELEGE TILSKOT	7 038 913	6 017 084	
SALSTILINTEKTER	221 588	210 687	
ENTRIFINNTEKTER	359 425	749 417	
UTLEIGE	148 299	160 385	
HOKSAL	25 899	65 769	
MEDLEMSSKAFFANNONSUR	106 030	118 340	
JURIDISKE TILSKOT	70 059	67 378	
DIVERSE INNTEKTER	32 751	65 060	
BRUK AV ØYREMERKA TILSKOT	3 927 288	797 200	
REFUSJONAR	150 615	24 272	
<b>Sum driftinntekter</b>	<b>12 043 512</b>		<b>6 273 981</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>			
LÅNSKOSTNADER	4 779 320	3 671 174	
HONORAR	21 000		
SOSIALE KOSTNADER	1 561 559	728 187	
INNKJØP AV VARER FOR SAL	185 083	172 014	
KJØP INVENTAR OG MATERIELL	435 792	133 277	
VEDLIEKELSD BYGG	58 269	296 155	
VEDLIEKELSD ANLEGG	466 051	319 201	
VEDLIEKELSD TILSYNSAMLINGAR	99 279		
ANDRE PROSJEKT	1 448 034	146 645	
KONTOR- OG ADM.KOSTNADER	294 607	251 478	
SYRUM OG REINEALD	130 261	154 797	
LAGERLEIGE	40 510	36 591	
AVGIFTER/FORSIKRINGAR	137 973	79 590	
REISEKURS/TRANSPORT	215 722	202 871	
GARDSDRIFT	87 850	84 559	
MARKNADSFØRING/TILSETTING	605 700	209 855	
PUBLIKASJONAR/DOKUMENTASJON	91 345	172 593	
ANDRE DRIFTSKOSTNADER	401 251	238 553	
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>12 045 015</b>		<b>5 987 781</b>
<b>Driftresultat</b>	<b>-1 503</b>		<b>286 200</b>
Renteinntekter	593 625		593 489
<b>Årsresultat</b>	<b>592 122</b>		<b>845 689</b>
Overføringer			
Ove. til annen egenkapitel	<b>592 122</b>		<b>845 689</b>

*Martha Ulvund*  
Martha Ulvund  
Styreleder

*Eidar Odland*  
Eidar Odland

*Salvator Holthe Røed*  
Salvator Holthe Røed

*Sivert Skår*  
Sivert Skår

*Inger Smidt Olsen*  
Inger Smidt Olsen

*Gunnar Sivqvistand*  
Gunnar Sivqvistand

*Liv Todnem*  
Liv Todnem

*Arvid M. Skjold*  
Arvid M. Skjold

*Målfrid Snørteland*  
Målfrid Snørteland  
Museumsleder

## Balansekonto pr. 31.12.2001

	Noter	2001	2000
<b>Anleggsmidler</b>			
Værite driftsmidler:			
Byggetrinn 1	2	0	0
Byggetrinn 2	2	0	0
Inventar/utstyr	2	0	0
Øyremerket	2	0	0
Samlagar	5	200 000	200 000
<b>Sum værite driftsmidler</b>		<b>200 000</b>	<b>200 000</b>
Lånskot Nærøys Høstelslag		3 399	3 399
Liger kapitaltilskot KLP		16 906	16 906
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>20 305</b>	<b>20 305</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>220 305</b>	<b>220 305</b>
<b>Omlopsmidlar</b>			
Fordringar			
Kundetiltingar		151 364	178 321
Andre kravskilte fordringar			3 052
<b>Sum fordringar</b>		<b>151 364</b>	<b>181 373</b>
Utdjærnskol kontantar og likn.	4	6 945 015	6 278 791
<b>Sum omlopsmidlar</b>		<b>7 096 379</b>	<b>6 460 164</b>
<b>Sum egenkapitel</b>		<b>7 316 684</b>	<b>6 780 469</b>
<b>Balanse egenkapitel og gjeld</b>			
Eigenkapitel			
Lånskoten egenkapitel			
Grunnkapitel	5	200 000	200 000
Opplynt egenkapitel			
Annar egenkapitel		2 955 638	2 109 951
<b>Sum egenkapitel</b>		<b>3 155 638</b>	<b>2 309 951</b>
<b>Gjeld</b>			
Utdjærnskol gyremerket midlar			
Utdjærnskol midlar, byggetrinn 1	1	255 188	255 188
Utdjærnskol midlar, byggetrinn 2		641 869	1 009 414
Finansieringsstillingar		1 606 416	6 560 164
Andre gyremerket midlar		581 619	545 257
<b>Sum utdjærnskol gyremerket midlar</b>		<b>2 485 082</b>	<b>1 869 969</b>
Annar langsiktig gjeld			
Håkompane		288 000	288 000
<b>Sum annar langsiktig gjeld</b>		<b>288 000</b>	<b>288 000</b>
Kortfristig gjeld			
Finansieringsgjeld		424 112	1 894 810
Skuldig skilte rett		121 854	128 998
Skuldig arbeidsgeveavgift		93 705	68 409
Skiltege forlepingar i arbeidsgjeld		257 244	274 319
Skuldig meivordlar gift		10 706	8 753
<b>Sum kortfristig gjeld</b>		<b>907 621</b>	<b>2 375 299</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>4 161 046</b>	<b>4 470 518</b>
<b>Sum gjeld og egenkapitel</b>		<b>7 316 684</b>	<b>6 780 469</b>

Nærøys, 11.03.2002

# Forsattaromtale

## Målfrid Snørteland

f.1952 på Karmøy. Magistergrad i otnologi ved Universitetet i Bergen. Direktør ved Jærmuseet sidan 1986.

## Inger Smidt Olsen

f.1953 i Bergen. Magistergrad i otnologi frå Universitet i Bergen. Har m.a. arbeidd som konservator ved De Heiberske Samlinger, Sogn Folkemuseum og Norsk Grafisk Museum, vore avdelingsleiar for Hå bygde-museum og har sidan 1997 vore tilsett som konservator ved Jærmuseet med ansvar for Flyhistorisk Museum Sola.

## Gunhild Setten

f.1968. Arbeider no som forskar ved geografisk institutt ved Norges teknisk-naturvitenskaplige universitet (NTNU). Ho tok dr.polit graden ved NTNU i 2002.

Tittelen på avhandlinga var *Bonden og landskapet. Historier om natursyn, praksis og moral i det jærske landskapet.*

## Hans Torgny Indrebø

f.1939 i Randaberg, men er nå busett på Nærbo. Lærer ved Undheim skule i Time.

## Einar Lea

f.1933 i Sandnes. Bedriftsøkonom. Arbeidde hos Kverneland-Underhaug frå 1960 til 2000 som innkjøps- og marknadssjef.